

Fylkestinget

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)      Dykker ref.:  
201112604-200/015/INGTAKL

Bergen, 12. november 2013

## **Fråsegn til fylkesrådmannens budsjettforslag for 2014**

### **TILSKOT TIL FYLKESELDRERÅDET.**

Ein registrerer at FYEL er tildelt kr. 325.000. FYEL hadde søkt om å få auke tilskotet frå kr. 300.000 til kr.350.000. Når ein ser at Fellesfunksjonar går ned med heile kr. 32 mill., og FYEL får ein uke på ca. 8 %, må ein seie seg nøgd med auken.

### **TANNHELSETENESTA**

FYEL har i mange år vore oppteken av tannhelse tilliks med dei fleste fylkeseldreråda i Norge. Tannhelse bør vere ein del av den medisinske behandlinga saman med resten av kroppen, og sjølv om dette i dag gjeld dei som bur på institusjonar eller har heimesjukepleie, er dette ikkje godt nok. Heimebuande eldre bør og få del i denne tenesta. Dette bør Fylkeskommunen gjere noko med og øve påtrykk ovanfor Regjeringa. I tillegg har FYEL også tidlegare uttalt at institusjonsbuarar og dei som har heimesjukepleie, i størst mogeleg grad bør unngå å reise lange strekningar for å kome til tannhelseklinikkk. Dette gjeld serleg ute i distrikta. Tannhelsetenesta må ha fokus på dette.

### **FOLKEHELSE**

Lov om folkehelse tek m.a. sikte på at eldre menneske skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer og er i stand til det. Dette fordrar både at heimen vert tilrettelagd for det, og at den fysiske fostringa vert lagd til rette for den einskilde. Ei rekkje tiltak som fylkeskommunen har ansvar for, gjer dette mogeleg. Tilskot til helsekoordinatorar er eit slikt tiltak. Slike tilskot skal halde fram også til og med 2017, og det seier FYEL seg godt nøgd med. Ein er likevel uviss på om overgang frå eit fast tilskot til kommunane (kr. 150.000 pr kommune), til tilskot etter innbyggjartal, kan føre til at kommunar med lågt innbyggjartal kan kome därlegare ut. Dette vil FYEL fylgje nøye med på i tida som kjem. FYEL merkar seg og at avsetjing til arbeidet med folkehelse berre aukar med 1.5 %, frå ca. kr. 5 mill til ca. kr. 5.1 mill. Dette er etter FYEL si meining ein for liten auke, og ein bør i åra som kjem auke dette monaleg..

FYEL ser og at fylkeskommunen får tildelt eit statleg, øyremerka tilskot til «førebyggjande helsearbeid gjennom fysisk aktivitet» på kr. 819.000 for 2014. Etter FYEL si meining er dette ein altfor liten sum til eit slikt tiltak. Fylkeskommunen bør oppmøde Helsedirektoratet om å auke denne summen monaleg i åra som kjem.

Elles merkar FYEL seg at tilskot til friluftsføremål vert auka med mest 15 % frå 2013 til 2014, og det seier FYEL seg nøgd med då tilskot til friluftsføremål så avgjort gjer sitt til førebyggjande arbeid.

## **SAMFERDSEL**

Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegnettet. Så langt FYEL kan sjå, står det ikkje eitt ord om gangvegar og sykkelstiar i dette budsjettet. Serleg gangsvegar er naudsynt for dei eldre slik at ein ikkje utset seg for fåre når ein går langs sterkt traffikerte vegar. FYEL oppmodar samferdselsetaten om å ta dette inn som eit eige avsnitt i komande budsjett.

Det såkalla «ombordtillegget» held fram med kr. 5.- for honnørbillett. Mange eldre har framleis vanskar med å handtere billettautomatar og å kome seg til kommisjonærar som sel billettar. At dei så skal betale kr. 5.- ekstra for å kjøpe billett om bord på bussane, synes FYEL er urettvist. Ein oppmodar samferdselsetaten om å sjå på dette ein gong til.

FYEL har tidlegare gitt uttrykk for at ein på bårutene bør kunne ha billetørar som går rundt og sel billettar til uføre og dei som er därlege til beins. Dei har som regel vanskar med å bevege seg til billettkontor/-luke for å kjøpe billett. Dette bør samferdselsetaten sjå nøyare på.

Fylkeskommunen bør når neste anbudsrende skal iverksetjast syte for at alle fergjane som går i Hordaland skal ha universell utforming.

## **KULTURFØREMÅL**

FYEL har merka seg at det no kjem ein Regional kulturplan for 2014-2024. FYEL vonar at det kjem mange innspel til denne planen. Satsing på kultur er svært viktig for den eldre del av folket. Det gjeld m.a. «Den kulturelle spaserstokken» som kommunane har ansvar for, og det gjeld mange av dei budsjettpostane som fylkeskommunen har ansvar for. FYEL har merka seg at det generelt vert ei nedgang i løyvingane til kultur i 2014. Det er gledeleg at ein skilde føremål får ein auke. FYEL merkar seg serskilt at tilskota til lokale kulturhus vert redusert. Dette bør ein unngå i seinare budsjettframlegg. Dei lokale kulturhusa er viktige elemelt i den lokale kulturformidlinga.



Margot Bertheussen  
Leiar Fylkeseldrerådet

Kopi: Gruppeleiarar